




VANG KOMMUNE

# ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN 2024-2028

RETNINGSLINJER FOR SAL OG SKJENKING  
AV ALKOHOLHALDIG DRIKK

## Innhald

1. Føreord og formål
  - 1.1. Myndigheit
2. Generelle føresegn
  - 2.1. Definisjonar
  - 2.2. Løyveperioden
  - 2.3. Avgrensing med omsyn til mengde løyver
  - 2.4. Bruk av vilkår
3. Retningslinjer for tildeling og utøving av sals- og skjenkeløyve
  - 3.1. Sals- og skjenketider
  - 3.2. Stader det ikkje blir tildelt skjenkeløyve på
  - 3.3. Vurdering av skjenkestaden og -arealet
  - 3.4. Ambulerande løyve
  - 3.5. Løyve for ein enkelt anledning
4. Gebyr for sal og skjenking
  - 4.1. Gebyr for faste løyvehavarar
  - 4.2. Gebyr for ambulerande løyve og enkeltanledning
5. Kontroll med sals- og skjenkeløyve
  - 5.1. Reaksjonar ved brot
  - 5.2. Rettleiingsplikt
6. Klagerett
7. Vedlegg

## 1. Førereord og formål

Kommunen sitt ansvar og fridom til å utforme sin eigen alkoholpolitikk følgjer av alkohollova. Det skal etter § 1-7d i lova utarbeidast ein alkoholpolitisk handlingsplan. Den angjev mål, retningslinjer og tiltak for det alkoholpolitiske arbeidet i kommunen.

Handlingsplanen si hensikt er å bidra til ein forsvarleg alkoholpolitikk som tek vare på både omsynet til føremålet i lova og legg til rette for ein berekraftig restaurant-, utelivs- og daglegvarebransje. Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Det visast vidare til alkohollova og tilhøyrande forskrifter.

### **Alkohollovas § 1-1.**

*Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.*

### **Forskrift til alkohollovas § 2-1.**

*Salg og skjenking av alkoholholdig drikk skal foregå på en slik måte at skadevirkningene begrenses og alkoholpolitiske og sosiale hensyn ivaretas.*

Alkoholpolitisk handlingsplan set retningslinjer og rammer for Vang kommune sin løyvepolitikk i perioden 31.06.2024 - 30.09.2028. Løyver for sal- og skjenking av alkoholholdig drikk kan gis for perioder inntil 4 år, og med opphør seinast 30. september året etter nytt kommunestyre tiltrer jf. alkohollova § 1-6 første og andre ledd.

## 1.1 Myndigheit

I alkohollova med forskrifter ligg ansvaret for å fatte enkeltvedtak til kommunen. Etter lova og kommunen sitt delegeringsreglement delegerast difor følgjande punkter til kommunedirektøren:

- Tildeling av sals- og skjenkeløyver for inntil fire år.
- Tildeling av skjenkeløyver for enkeltanledningar.
- Tildeling av ambulerande skjenkeløyver.
- Utviding av skjenkelokalet.
- Endring av alkoholholdige grupper i løyvet.
- Godkjenning av styrar og nestansvarleg.
- Tildele prikkar etter alkohollova og alkoholforskrifta (kommunestyret behandlar saker med omsyn til inndraging av løyver).
- Fastsetting og innkrevjing av løyvegebyr i samsvar med satsane i alkohollova.
- Behandle søknader om redusert løyvegebyr.

## 2. Generelle føresegn

I vurderinga om løyve, avgrensing av lokalet og tidspunkt tilknytt dette skal følgjande alltid vurderast:

- Staden sin karakter
- Plassering (nærleik til barnehage, skule eller idrettsanlegg)
- Målgruppe
- Trafikk- og ordensmessige forhold

- Omsyn til lokalmiljøet

Dette kan føra til forskjellige skjenketider i kommunen.

## 2.1 Definisjonar

Jf. §§ 1-3 og 1-5 i alkoholova.

Alkoholhaldig drikk brukast som fellesnemning på drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol, likevel slik at aldersføreseigna etter § 1-5 i alkoholova også gjeld drikk mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol.

### **Alkoholfri drikk:**

Drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol.

### **Alkoholsvak drikk:**

Drikk som inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol.

### **Alkoholhaldig drikk:**

#### **Gruppe 1:**

Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol.

#### **Gruppe 2:**

Drikk som inneheld over 4,7 og lågare enn 22 volumprosent alkohol.

#### **Gruppe 3:**

Drikk som inneheld frå og med 22 og høgst 60 volumprosent alkohol.

Alkoholsvak og alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 har aldersgrense 18 år.

Alkoholhaldig drikk gruppe 3 har aldersgrense 20 år.

Aldersgrensene gjeld for gjester, kundar og betjening. Unntak for betjening gjeld for visse fagbrev, lærlingar og andre under opplæring i slike fagbrev, og for alkoholsvak drikk dersom ein person over 18 år har dagleg tilsyn med salet.

Tilsette på sals- og skjenkestader har ved tvil om alder rett og plikt til å krevja legitimasjon.

## 2.2 Løyveperioden

Jf. § 1-6 i alkoholova kan ein gi alminneleg sals- eller skjenkeløyve for inntil fire år om gongen med opphøyr senast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr.

Sals- eller skjenkeløyve kan også gis for ein tidsgrensa periode, for ein bestemt del av året eller for ein enkelt anledning.

## 2.3 Avgrensing med omsyn til mengde løyver

Grunna mengde sals- og skjenkeverksemder i Vang kommune i dag blir det ikkje fastsett avgrensing med omsyn til mengde sals- og skjenkeløyver.

## 2.4 Bruk av vilkår

Innanfor rammene som følgjer av alkohollova kan ein stille relevante vilkår ved tildeling av sals- eller skjenkeløyve, jf. alkohollova §§ 3-2 og 4-3.

### 3 Retningslinjer for tildeling og utøving av sals- og skjenkeløyve

All omsetning av alkoholhaldig drikk krev særskild offentleg løyve jf. § 1-4a i alkohollova. Kommunen sin behandling av løyver regulerer tilgang av alkohol ved å avgjere kvar og når det kan seljast og skjenkast alkohol, og kven som kan drive slik verksemd.

For sal gjeld alkoholhaldig drikk gruppe 1. Sal betyr sal av alkoholhaldig drikk til forbrukar for drikking utanfor salstaden.

Alminneleg salsløyve gjeld for daglegvarebutikkar og gardsbutikkar som skal selje alkoholhaldig drikk. Vang kommune innvilgar ikkje salsløyver for nettsal av alkohol eller utvida salsløyve for nettsal med heimekjøring/utlevering frå hentepunkt.

For skjenking gjeld alle alkoholhaldige grupper. Skjenking betyr sal av alkoholhaldig drikk for drikking på skjenkestaden.

Alminneleg skjenkeløyve gjeld for ulike serveringsstader som vil selje alkohol til sine gjester. Det må òg liggje føre eit serveringsløyve ved alminneleg skjenkeløyve.

Ved alminneleg sal- og skjenkeløyve er det krav om følgjande, jf. § 1-7c i alkohollova:

- Styrar og nestansvarleg kan ikkje vere same person (det kan gjerast unntak frå kravet om nestansvarleg når det er urimeleg men omsyn til sals- og skjenkestadens størrelse).
- er over 20 år
- er tilsett ved skjenkestaden eller jobbar i verksemda i kraft av eigarstilling
- har bestått kunnskapsprøve for sals- eller skjenkeløyve i alkohollova, og etablererprøve for serveringsverksemd gjeldande for skjenkeløyve
- ha uklanderleg vandel etter alkohollova sin § 1-7c, fjerde ledd.

#### 3.1 Sals- og skjenketider

##### **Salstider (jf. § 3-7 i alkohollova):**

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl. 08:00 til 20:00 på kvardagar og frå kl. 08:00 til 18:00 på dagar før søn- og helligdagar, unnateke dagen før Kristi Himmelfartsdag. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk kan ikkje skje på søndagar, helligdagar, 1. og 17. mai.

##### **Skjenketider (jf. § 4-4 i alkohollova):**

Alkoholhaldig drikk gruppe 1: frå kl. 08:00 til 02:00

Alkoholhaldig drikk gruppe 2: frå kl. 08:00 til 02:00

Alkoholhaldig drikk gruppe 3: frå kl. 13:00 til 02:00

Konsum av alkoholhaldig drikk må opphøyrast seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt. Lokalet må vere tømt innan kl. 02:30.

Skjenking ved uteservering avsluttast kl. 23:00 der det kan vere til sjenanse. Det blir ikkje knytt vilkår til at alkoholhaldig drikk gruppe 3 berre skal skjenkast innandørs.

Med omsyn til barn og unge vil serveringsstader i tilknytning til skiheis ha skjenketid frå kl. 14:00. Skjenkeløyvet gjeld ikkje dei dagane det er idrettsarrangement i anlegget.

### 3.2 Stader det ikkje blir tildelt skjenkeløyve på

For å ivareta rusfrie soner i samfunnet blir det ikkje gjeve løyve til idrettsarrangement eller arrangement som i stor utstrekning også er berekna på barn og unge. Det blir heller ikkje gjeve løyve til arrangement som føregår på skuler, barnehage eller ungdomsklubb jf. opplæringslova § 9-5. Her med unntak av fleirbrukshall under kulturelle eller sosiale føremål utanom skuletida.

### 3.3 Vurdering av skjenkestaden og -arealet

Det skal vektleggast om skjenkestaden kan ivareta omsynet til eigenkontroll på ein fornuftig og føremålstenleg måte. Utforming av lokala, storleik, mengde sitjeplassar og mengde tilsette må vurderast i samanheng med søknaden om løyve.

Ved tildeling av skjenkeløyve utandørs eller til serveringsstader som ynskjer skjenking på uteområde skal skjenkearealet tydeleg definerast og avgrensast. Som tilknytning til skjenkestadens lokalar reknast inn- og utgangsparti, uteareal/terrassar, parkeringsplasser og naturlege og moglege tilkomstveger for gåande og køyrande trafikantar.

### 3.4 Ambulerande løyve

Dersom det i eit slutta selskap skal skjenkast alkohol mot vederlag må det søkjast ambulerande løyve jf. § 4-5 i alkohollova. Slik løyve blir vanlegvis gjeve til selskapslokale i forbindelse med bryllaup, private jubileum eller bursdagar.

Det vert stilt krav om både styrar og nestansvarleg under arrangementet, men dersom kravet om nestansvarleg er urimeleg tyngjande kan det gjerast unntak jf. alkohollovas § 1-7c. Styrar og nestansvarleg må vere over 20 år. Det blir ikkje stilt krav om at styrar/nestansvarleg skal ha bestått kunnskapsprøve.

Det må fattast eit vedtak for kvart enkelt arrangement og søknad skal sendast gjennom digitalt søknadsskjema.

For visse typar lokale, stader og samanhengar vert det som hovudregel kravd løyve for servering av alkohol, sjølv om det skjer utan vederlag. På slike stader er det òg forbode å drikke alkohol, med mindre det skjer i samsvar med eit innvilga skjenkeløyve, jf. § 8-9.

### 3.5 Løyve for ein enkelt anledning

Dersom det i eit opent arrangement skal skjenkast alkohol mot vederlag må det søkjast løyve for ein enkelt anledning jf. § 1-6 i alkohollova. Slik løyve gjeld bestemte hendingar og arrangement som til dømes festivalar, dansetelstellingar, konsertar, samankomstar for klubbar eller liknande.

Det blir stilt krav om både styrar og nestansvarleg under arrangementet, men dersom kravet om nestansvarleg er urimeleg tyngjande kan det gjerast unntak jf. alkohollovas § 1-7c. Styrar og nestansvarleg må vere over 20 år. Det vert ikkje stilt krav om at styrar/nestansvarleg skal ha bestått kunnskapsprøve.

Etter vurdering av arrangement med lågare aldersgrense enn 18 år kan ein pålegge arrangør å merke umyndige festdeltakarar med eige band, stempel eller liknande.

Det må fattast eit vedtak for kvart enkelt arrangement og søknad skal sendast gjennom digitalt søknadsskjema.

For visse lokale, stader og samanhengar blir det som hovudregel kravd løyve for servering av alkohol, sjølv om det skjer utan vederlag. På slike stader er det òg forbode å drikke alkohol, med mindre det skjer i samsvar med eit innvilga skjenkeløyve, jf. § 8-9.

## 4 Gebyr for sal og skjenking

Gebyr for sal og skjenking skal krevjast inn årleg ved alminneleg sal- og skjenkeløyve og pr. gong ved ambulerande- og enkeltanledning jf. alkohollova § 7-1.

### 4.1 Gebyr for faste løyvehavarar

Løyvegebyret fastsettast for eitt kalenderår om gongen for kvart enkelt løyve på grunnlag av forventa omsett mengde alkohol. Vang kommune krev inn gebyr i medhald av dei til ein kvar tid gjeldande satsar jf. § 6-2 i alkoholforskrifta.

Dersom verksemda sel eller skjenker under 100 vareliter kan det søkjast om redusert avgift jf. vedtak i sak 6/04 i kommunestyremøte 05.02.04.

### 4.2 Gebyr for ambulerande løyve og enkeltanledning

For ambulerande løyve og enkeltanledning gjeld maksimumsgebyret som til ei kvar tid er fastsett i alkoholforskrifta § 6-2.

## 5. Kontroll med sals- og skjenkeløyver

Jf. alkohollova § 1-9 og kapittel 9 i alkoholforskrifta har kommunen ansvar for kontroll med utøving av kommunalt løyve. Dette gjeld både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for ein enkelt anledning og salsløyve. Vidare har kommunen ansvar for kontroll med føring av internkontroll etter alkoholforskrifta kap. 8.

Kommunedirektøren har ansvar for å administrere tilsyn og kontroll på sals- og skjenkestader for å sikre at sal og skjenking skjer i samsvar med lov, forskrifter og løyve som er gjeve. Kontrollane gjennomførast av eit eksternt firma. Det skal kontrollerast så ofte som det er behov, med eit minimumskrav på ein gong i året. Det skal årleg utførast minst tre gonger så mange kontroller som det er sal- og skjenkeløyve i kommunen, jf. alkoholforskrifta § 9-7.

Dei eksterne kontrollørane må dokumentere at dei er kvalifiserte til å utføre oppdraget. Utgiftene til kontroll blir dekkja av sals- og skjenkegebyr. Det er administrasjonen i Vang kommune som tek i mot rapportane frå kontrollørane og politiet og avgjer om det er grunnlag for å reagere.

## 5.1 Reaksjonar ved brot

Det er innført nasjonale føresegn for sanksjonar av brot på alkohollova og vilkår for løyvet. Reglane utgjer eit prikktildelingssystem som gjev retningslinjer for inndraging, reaksjonar og saksbehandling knytt til dette.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år har fått til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Om det i løpet av ei toårsperiode blir gjeve fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Hovudomsynet bak ordninga er å førebyggje framtidige brot av alkohollova sine føresegn ved å gi moglegheit for eit trinnvist oppbygd advarselssystem med prikktildeling.

[§ 1-8 i alkohollova](#) og [kap. 10 i alkoholforskrifta](#) fortel meir om prikktildelingssystemet og viser kva dei forskjellige lovbrota vil gje av reaksjon.

## 5.2 Rettleiingsplikt

Kommunen skal gje naudsynt råd og rettleiing til løyvehavar, styrar og nestansvarleg slik at omsetting av alkoholhaldig drikk kan skje i samsvar med regelverket, og på ein slik måte at alkoholpolitiske og sosiale omsyn blir ivareteke, jf. alkoholforskrifta § 9-2.

Vidare har kommunen ein generell rettleiingsplikt ut frå forvaltningslova sine føresegn.

Dei tilsette og drivarar i skjenke- og salsnæringa forpliktar seg til å delta på dei kursopplegg og samarbeidsmøte som blir sett i verk av løyvemyndigheita.

## 6. Klagerett

Kommunen sitt enkeltvedtak etter alkohollova § 1-8 (inndraging) og kap. 3 (kommunale salsløyve), kap. 4 (kommunale skjenkeløyve) og kap. 7 (gebyr) kan klagast på.

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet vedtaket er motteke. Klaga må vera grunngjeve, oppgjeve kva for eit vedtak du klagar på, kva for endringar du ynskjer, og den må vera underteikna. Klagar må vera part eller ha ei rettsleg klageinteresse.

Formannskapet har anledning til å revurdere sine vedtak før saka eventuelt vert sendt til statsforvalter for endeleg saksbehandling.

## 7. Vedlegg

Alkoholova, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-02-27>

Alkoholforskrifta, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-06-08-538>

Serveringslova, <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-55>